

Lindås kommune v/Planavdelinga
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Idar Molvik
Molvikavegen 490

5993 OSTEREIDET

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
14 SEPT 2018	
Ark. saksnr. 17/3013	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

INNSPELL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL FOR 2019-2023 FOR EIGEDOM GBNR 225/4

Liabakken er eit lite bruk som ligg på Haukøy utanfor Vikanes inne i Osterfjorden. Øya og bruket er utan køyreveg og einaste tilkomsten er via sjø. Bruket og bygga på bruket ligg i heilskap innanfor 100-metersbeltet langs sjø (pbl § 1-8).

Vi har eit ønske om å halde bruket og kulturlandskapet her vedlike, men det at vi ikkje har veg fram gjør det til tider vanskeleg. Bruket har eit naust med båtopptrekk og ei sjøbu, våningshus, skykje og løe.

Vi ønsker å få laga til ei kai (sjå vedlagd kart) slik at vi kan få i land materialer for å vedlikehalde bygga på bruket, samt reiskap til å halde vegetasjonen på bruket og landskapet vedlike.

I strandlina sør for naustet er det ei svaberg som med små inngrep (søyle på søylesko i berg) kan lagast til ein kaifront slik at vi kan få legge til og losse material på land. Området er på vedlagd kart merka med #1. Vårt innspell er at området vert lagt inn som bestemmelsesområde med byggegrense mot sjø i grensa for bestemmelsesområdet og at det vert gjeve moglegheit for å etablere kaifront på søyler på svaberget innanfor område #1.

Innanfor område merka #2 ligg det naust og sjøbu, vårt innspell her er at det vert lagt inn byggegrense mot sjø i grensa for bestemmelsesområdet, og at vi kan få heve taket på naustet. evt. at ein legg området inn som LNF-spreidd naust.

Innanfor område merka med # 3 ligg våningshus og skykjen, vårt innspell her er at det vert lagt inn byggegrense mot sjø i formålsgrense for bestemmelsesområdet.

Innanfor område merka med # 4 ligg løa, vårt innspell her er at det vert lagt inn byggegrense mot sjø i formålsgrense for bestemmelsesområdet.

14.09.18

Venleg helsing


Idar Molvik

Idar Molvik

Epost: idar@pudderjagar.no

Mobil: 97727775

VEOLEGG I



Liabakken

100m

- Målte Grenser
- - - Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våringshus
- Større bustader
- Hytte/feriehus
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
 Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)
 Høydesystem: (EPSG:)



Lindås kommune
Byggesaks avdeling



Dato: 2018.07.12
Sign: liei

gbnr 225/4

Målestokk
1:1000